

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Kari Anne Iversen	FE - 033, TI - &00	15/1165

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
48/2015	Kommunestyret	PS	17.06.2015

## System for melding av forfall - oppfølging av kommunestylesak nr 36/15

### Vedlegg:

Forfallsskjema - politiske møte

Forfallsskjema ved ugildskap

Justering av punkt 5 i Reglement for Meland kommunestyre (L)(60303)

### Saksopplysningar:

Kommunestret behandla i møtet 06.05.15, sak 36/15, sak om justering av punkt 5 i Reglement for Meland kommunestyre (vedlagt). Justeringa omhandla ei presisering av kva som er gyldig forfallsgrunn, og også overgang til skriftleg forfallsmelding. Saka vart utsett, og det kom fram ønske om eit meir klargjerande skjema til bruk ved melding om forfall til politiske møte med bakgrunn i ugildskap.

### Vurdering

Det ligg no føre to ulike skjema til bruk ved forfallsmeldingar til politiske møte, eitt til bruk ved generell forfallsmelding og eitt til bruk ved ugildskap. Begge skjema vil ved innsending bli oversendt ordførar. Sekretariatet vil syte for innkalling av varamedlem. I nokre tilfelle vil ugildskap ikkje bli avklart før organet har tatt stilling til spørsmålet, men praksis har då vore at varamedlem uansett har vore kalla inn – i tilfelle organet skulle vedta ugildskap.

Administrasjonen vurderte innleiingsvis å nytte elektronisk skjema og har vore i kontakt med leverandør om dette. Det viser seg at det ligg inne ei forseinking ved bruk av modulen for skjemamottak (ACOS Skjemamottak). Erfaring viser at ein del forfallsmeldingar kjem inn på sjølvemøtedagen, og då vil denne forseinkinga bli eit problem. Begge skjema vil difor bli lagt på kommunen si heimeside som skrivbar pdf.

Gyldig forfallsgrunn (utanom ugildskap) vil vere «sykdom eller andre hindringer som gjør det umulig eller uforholdsmessig byrdefylt å møte», jf. kommentarutgåva til kommunelova og domstol lova.

Administrasjonen legg til grunn at det nye systemet for melding av forfall må gjelde for alle politiske møte.

### Folkehelse

Ikkje relevant i saka.

## Miljø

Ikkje relevant i saka.

## Økonomi

Ikkje relevant i saka.

## **Konklusjon**

### Ordlyd i justert punkt 5 i Reglement for Meland kommunestyre:

«Den som er vald som kommunestyremedlem har plikt til å delta i møte, om han eller ho ikkje har lovleg forfall. Lovleg forfall ligg føre dersom sjukdom eller andre hindringar gjer det umogleg eller urimeleg byrdefylt å møte. Dersom medlem eller varamedlem har lovleg forfall, skal meldingsskjemaet *Forfall til politiske møte* fyllast ut og sendast til [postmottak@meland.kommune.no](mailto:postmottak@meland.kommune.no).

Melding om forfall skal sendast så snart ein har kunnskap om at ein vil vere lovleg forhindra frå å møte. Sekretariatet vil sende kopi av meldinga til ordførar og kalle inn varamedlem.

Lovleg forfall under møtet må straks meldast til møteleiar. Ingen kan gå frå møtet før behandlinga er ei sak er sluttført.

Rutinane under dette punktet gjeld tilsvarende for forfall til andre politiske organ»

### Ordlyd i justert punkt 6 i Reglement for Meland kommunestyre:

« Den som er ugild i ei sak, jf. kommunelova § 40 nr 3 og forvaltningslova sine reglar, skal ikkje vere med å drøfte eller avgjere saka. Når ein medlem veit at han eller ho er ugild, eller det kan reisast tvil om habiliteten, skal meldingsskjemaet *Forfall til politiske møte ved ugildskap* fyllast ut og sendast til [postmottak@meland.kommune.no](mailto:postmottak@meland.kommune.no). Sekretariatet vil sende kopi av meldinga til ordførar og kalle inn varamedlem.

Rutinane under dette punktet gjeld tilsvarende for forfall ved ugildskap til andre politiske organ.»

## **Framlegg til vedtak:**

Kommunestyret godkjenner justert tekst i Reglement for Meland kommunestyre punkt 5 og 6, slik ordlyden ligg føre i saka.

## Kommunestyret - 48/2015

## **KS - behandling:**

## **KS - vedtak:**

Kommunestyret godkjenner justert tekst i Reglement for Meland kommunestyre punkt 5 og 6, slik ordlyden ligg føre i saka.

